



Fire av dei åtte på loftet med produkt dei har laga. Frå venstre står Johanne Marie Nernes frå Uskedalen, Lise Bråtun frå Mauranger, Marianne Klepsvik Sjo frå Halsnøy og Arne Røen frå Halsnøy. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**AFA freista med salskafe på loftet ein haustlaurdag i fjor og responsen var stor. Difor freistar dei på ny dette året og ynskjer interesserte kjøparar velkomne i fire timar kommande laurdag. Det blir både sal av produkt som bedrifta lagar og servering av risgraut, kaffe og kaker.**

- Det er mange interesserte kjøparar som vi ikkje når fordi dei er på arbeid og dette er eit tilbod til dei, seier Anne Karin Myhre, som er arbeidsleiar på loftet (2. etasje).

Dei produkt dei lokkar med er til dømes filleryer, åkle, løparar der lappeteknikk er nytta og applikasjon på vinposar, posehaldarar og servietthaldarar. Vesker laga i ymse teknikkar inngår og i produktutvalet.

AFA har tradisjonelt ikkje så mange salskanaler som er nytta.

- Vi har hatt litt plassert på Husnesbutikken og var med på Varaldsøydagane.

Men vi har hatt inne så mange bestillingar frå private at vi rett og slett ikkje har hatt kapasitet til å produsera stort meir, fortel Anne Karin.

Under henne på loftet er åtte i arbeid.

Av Ola Matti Mathisen